



Øystre Slidre kommune



1.tertial rapport 2023

https://pub.framsikt.net/2023/oystre-slidre/mr-202304-1tertial_rapport_2023/

Framlagt av kommunedirektøren 26. mai 2023

10 på topp

Økonomiplanen utgjør handlingsdelen av kommuneplanen sin samfunnsdel. Nedanfor følger dei 10 høgast prioriterte utviklingsområda for Øystre Slidre kommune i planperioden. Utviklingsområda vil bli prioritert av formannskapet, administrasjonen og for bruken av utviklingsmiddel i planperioden. Kommunestyret vil bli orientert om arbeidet knytt til desse 10 høgast prioriterte områda i tertialrapportane. Nedanfor følger kommentar om status per 1. tertial 2023.

- Vi skal vera ein attraktiv arbeidsplass, med eit godt arbeidsmiljø og store nok stillingsprosentar. Vi skal innan juni 2023 lage plan for auka arbeidsnærver/ redusert sjukefråvær i heile organisasjonen, og starta gjennomføring av planen.

Kommunen har i første tertial 2023 analysert og gått gjennom resultatane frå HMS-undersøkinga (gjennomført i november 2022). Det er iverksett fleire tiltak for å betre arbeidsmiljøet. Vidare vart det gjennomført ei ny medarbeidarkartlegging i mars/april («10-faktor»-undersøkinga som fleire av landets kommunar gjennomfører). Denne blir gått gjennom avdelingsvis, for å finne innsatsfaktorar for kvar einskild arbeidsstad.

I første tertial er det gjennomført analyser av sjukefråværet, og arbeidet med plan for redusert sjukefråvær er i gang. Det er lagt opp til at planen skal behandlast i arbeidsmiljøutvalet i junimøtet. Kommunedirektøren vil orientere kommunestyret om planen i juni-møtet.

- Vi skal følgje opp oppvekstplan og oppvekstløftet i Valdres ved tidleg innsats og ved å styrka det tverrfaglege arbeidet retta mot sårbare barn og deira familiar.

Vi har gjennomført fleire tiltak i handlingsdelen, mellom anna tiltak innanfor foreldrerettleiing, møtestruktur for samhandling og kompetanseheving i barnehage. Vidare er det fleire tiltak som er under arbeid. Dette gjeld mellom anna uteområdet på ØSUS, plan for særskild språkopplæring, barnekoordinator og lik struktur på foreldreskule. Vi har eit systematisk og godt arbeid i iverksetting av tiltaka og har ei tru på at vi skal få gjennomført mykje i løpet av hausten 2023. Gjennom oppvekstløftet i Valdres vi arbeidd mykje på leiarnivået i kommunen. Frå hausten vil vi jobbe med å få kompetanse spreidd til tilsette ute i tenestene. Sidan starten av arbeidet har vi styrka samhandlinga mellom tenestene i kommunen.

- Vi skal busetja inntil 60 flyktningar i 2023 og sikre at alle busette flyktningar er i jobb eller utdanning når dei er ferdig med intro-programmet.

Til no i 2023 har vi busett totalt 35 ukrainske flyktningar, med kollektiv beskyttelse. Av desse er 10 under 18 år, 21 mellom 19 og 55 år og 4 eldre enn 55 år. Vi har ikkje busett nokon innanfor ordinær busetting.

Vi har no 46 elevar i vaksenopplæringa, der 37 av dei er på deltid. Fleire er i gang med jobb, fulltid eller deltid, men det vil vera eit behov for tilgang på fleire arbeidsplassar framover. Kommunen arbeider med å finne løysingar slik at ikkje transport til og frå jobb er eit hinder for deltaking i arbeidslivet. Per i dag er det ikkje kollektivtransport opp til Beitostølen frå morgonen. Frå hausten vil vi ha ei prøveperiode der skuleruta vil kunne ta med seg innbyggjara frå Heggenes til Beitostølen på morgonen.

- Vi skal revidere arealdelen av kommuneplanen med bakgrunn i arealstrategien i kommuneplanen.

1. tertial rapport 2023 – Øystre Slidre kommune

Som følge a skifte av arealplanleggar, og også fleire andre på avdeling for næring, plan og byggesak, har vi måtta forlenga tidlinje for arbeid med arealplanen. Vi tek sikte på å handsame dei litt over 100 innspela til planarbeidet i formannskapet før kommunevalet. Med nytt formannskapet etter valet, må vi også nytte tilstrekkeleg tid i formannskapet med gjennomgang av revidert plan, før den vert lagd ut på høyring. Tidslinja for ferdigstilling av planen må vi vurdere når høyringssvara ligg føre.

- Vi skal bygge ut veg, vatn og avløpsanlegg for Heranglie bustadfelt og avklare modellar for samarbeid med næringslivet om utbygging av leilegheitsområda på feltet slik at fleire kan kome inn på bustadmarknaden.

Utbygging av veg, vatn og avløpsanlegg vil vera ferdig i oktober. Utbygging av tomtene kan ta til i sommar. Vi har til no hatt fem som har vore interessert i kjøp av bustadtomt, og gjort ein avtale om kjøp av tomt. Vi har utvikla rammene for ein samarbeidsmodell med næringslivet, m.a. har kommunestyret gitt kommunedirektøren fullmakt til å kjøpe inntil 5 leilegheiter i ein avtale med utbyggjar. Vi har søkt Husbanken om økonomisk støtte til utvikling av bustadprosjektet i Heranglie som eit stad- og distriktsutviklingstiltak, og vi samarbeider nært med Husbanken i utvikling av modellar for samarbeid med næringslivet.

- Vi skal i lag med nasjonale styresmakter og andre samarbeidspartar etablere eit nasjonalt senter for fjellandbruk på Løken gard.

Nasjonalt senter for fjellandbruk på Løken vart etablert 12. mai, med val av styre og styreleiar for selskapet. Offisiell opning av senteret er 13. juni. Vi har tilsett ein prosjektmedarbeidar i full stilling, og styret er i gang med utlysing av stillinga som dagleg leiar.

Vi har inngått avtale med landbruks- og matdepartementet om overtaking av Løken gard. Kommunen har no fått konsesjon for overtakinga, og kjøpet er tinglyst. Vi har i ein 10årsavtale leige ut heile areal på Løken til Graminor. Graminor vil gjere avtale om lokale bøndar om utleige og drift av delar av arealet. Vi har også gjort avtale om utleige av arealet på setra Berset. Bustadhusa på Løken vert nytta til busetting av flykningar, og vi er i ferd med å gjere avtalar om utleige av administrasjonsbygget til m.a. NLR Innlandet, Nibio i tillegg til Nasjonalt senter for fjellandbruk.

- Vi skal gjennom prosjektet Klima+ legge til rette utbygging av fritidsbustader som i utbygging og drift har positiv klimaverknad og effektiv arealbruk.

Vi har arbeidet med å få Klima+-perspektivet inn i arealdelen av kommuneplanen, med redusert arealforbruk og rammer for utbygging av fritidsbustader som gjev lågare utslepp av klimagassar. Klima+-perspektivet er også lagd inn i reguleringsplan for Finntøpplie og i utkast til reguleringsplanane for Aasgaarden, Skjenhaugslie og Liahaugstølen som har eller er på høyring, og i utbyggingsavtalar eller utkast til utbyggingsavtalar for desse områda. I tillegg arbeidar vi med konkrete tiltak som m.a. overgang til lågkarbonbetong, gjennom ein intensjonsavtale med Ryfoss Betong.

Vi har delteke i fylkeskommunen si satsing på klimavenleg stadutvikling i hyttekommunar. Vi har søkt Miljødirektoratet om støtte til vidareføring av Klima+, og ventar svar på søknaden i løpet av juni.

- Vi skal invitere til Rein naturglede og innan 2035 doble tal gjestedøgn i kommunen gjennom å:
 - vera det best tilrettelagde reisemålet i Norge for alle, uavhengig av funksjonsnivå
 - sikre finansiering av fellesgode som stiar og løyper m.v. gjennom selskapet Beitostølen Fellesgoder as.

1. tertial rapport 2023 – Øystre Slidre kommune

Vi deltek i forskingsprogrammet Accesstour i lag med Beitostølen helsesportsenter, Beitostølen Utvikling SA, Beito Husky, Myhre Gard og Trollrock. Føremålet er å auka kunnskapen om og strategiar for betre tilrettelegging av reisemåla for alle, uavhengig av funksjons-nivå. Vi har utarbeidd ein handlingsplan for dette arbeidet med mange tiltak, m.a. betre tilrettelegging for alle av friområdet på Furustrand og etablering av trillesti til Rjupetjern. Beitostølen Utvikling SA gjennomfører fleire tiltak for auka merksemd i næringslivet på Beitostølen rundt temaet betre tilrettelegging. Skal vi få auka kapasitet i dette arbeidet, må vi finne ressursar til ei deltidstilling som kan drive arbeidet framover. Vi vil undersøke moglegheitene for å få finansiert ei slik stilling.

Kommunen bidreg med årleg støtte på 2,25 mill. til Beitostølen Fellesgoder as, med eit tilsvarande årleg bidrag frå næringslivet. Selskapet nyttar midla til finansiering av fellesgodene, m.a. til betre tilrettelegging av stiar, løyper m.v. for alle.

- Vi skal i samarbeid med andre etablere Fly'a folkehøgskole – ein folkehøgskule for alle - på Heggenes, med idrett, paraidrett og Esport som hovudlinjer.

NOUen om folkehøgskular har vore på høyring våren 2023. Vi har undersøkt med nasjonale myndigheiter når NOUen vert følgd opp og om det kan bli lagd inn midlar til nye folkehøgskular i komande budsjett. Det er lite som tyder på at det vil kome midlar til nye folkehøgskular i komande budsjett, og det er usikkert når NOUen vert følgd opp med ei stortingsmelding. I tillegg er søknadstala til folkehøgskulane synkande. Kommunedirektøren vil på dette grunnlaget rå til at vi ikkje arbeider vidare med etablering av Flya Folkehøgskule.

- Vi skal i lag med idrettslaget og reiselivsnæringa utvikle Beitostølen stadion med sikte på å auke bruken av området gjennom heile året.

Idrettslaget og selskapa på stadion har sett i gang ein strategiprosess for å sikre rammene for drift og vidareutvikling av Beitostølen stadion. Kommunedirektøren har i samband med eigarskapsmeldinga fremja forslag om endring av kommunen sitt eigarskap i stadionselskapa. På bakgrunn av strategiprosessen til idrettslaget og stadionselskapa og kommunestyret si handsaming av eigarskapsmeldinga, vil kommunedirektøren følgje opp saka til hausten.

Investeringer

Status investeringsprosjekt

Beløp i 10 000

Prosj nr	Prosjekt	Regnskap per april 2023	Budsj. Regulert 2023	Budsjett opprinn. 2023	Avvik(per -)	Kommentar
Andre investeringar		800	56 636	52 611	- 55 836	
32000	Kjøp av grunn for bustadformål (hovedprosj)	-	4 000	4 000	- 4 000	
32005	Heranglie bustadfelt	5	-	-	5	
34047	Ikkje bruke - Veg Herganglie bustadområde	-	6 200	6 200	- 6 200	Ok. Sjå saman med prosj. 38020 VVA Heranglie (Sjølvkost).
34048	Ikkje bruke - Straum og fiber Heranglie - kan	-	3 000	3 000	- 3 000	Ok. Sjå saman med prosj. 38020 VVA Heranglie (Sjølvkost).
32500	Kjøp av grunn for næringsformål	29	-	-	29	
34029	Øystre Slidre helsetun	331	-	-	331	Ok. Sjå saman med prosj. 34035 Utsmykking helsetunet.
34035	Utsmykking helsetunet	46	700	700	- 654	Ok. Sjå saman med prosj. 34029 ØS helsetun.
34042	Uteområde Tingvang - ØSUS	7	-	-	7	
34043	Lydisolering av kulturskulerom	-	114	-	- 114	Ok
34044	Volbu bru	18	446	-	- 428	
34045	Rogne barnehage - utviding av garderobe 20	-	831	-	- 831	Ok
34049	Brennebakkin - avlastningsbustad 2022	1	6 500	6 500	- 6 499	Blir ikkje i år
34050	Kjøp av bustad Furustrand	2	-	-	2	
34052	Nytt helsehus	264	300	300	- 36	Ok
34054	Nærvarme Tingvang (Nye energiløysingar k	1	8 550	7 750	- 8 549	Ok
34310	Trafikksikring Solhauglie	- 592	1 150	1 150	- 1 742	Ok
34330	Fleirfunksjonstrase Stølsliie-Gardli	-	200	200	- 200	
35002	Skibru- Beitestølsvegen/Menkelie	3	-	-	3	
35005	Finntøppvegen Tjednbakkvegen Solbakkin (74	8 410	8 410	- 8 336	Ok
35006	Skibru - Finntøppvegen	16	330	330	- 314	Ok
35010	Furustrand uteområde inkl. gangveg Hegger	3	2 397	563	- 2 394	Ok
35012	Trillestig Rupetjedd	-	687	687	- 687	Ok
35013	Tjednbakkvegen med nytt fortau til B Stadic	-	5 000	5 000	- 5 000	
35015	Beitestølvegen fortau sykkel og gangveg for	-	4 500	4 500	- 4 500	
35016	Nærmiljøanlegg Klippemyrhaugen	-	700	700	- 700	
xxxxx	Herav tilskot frå andre som ligg under Finan	592	2 621	2 621	- 2 029	
Prosj nr	Prosjekt	Regnskap per april 2023	Budsj. Regulert 2023	Budsjett opprinn. 2023	Avvik(per -)	Kommentar
Selvkost		14 768	68 766	69 480	- 53 998	
34504	VA Gullbakkvegen	-	250	-	- 250	Ok
34534	VA Storefoss Nedrefoss	78	-	-	78	Her blir det fleire utgifter i år. Tilrår budsjettendring + 200'.
38010	VA Kolleberg	27	5 000	5 000	- 4 973	
38020	VVA Heranglie	10 453	9 582	11 130	871	Iht. plan. Sjå saman med pr 34047 og 34048 (Andre inv.)
38025	VA Nordtorp-Hegge stavkyrkje	9	7 800	7 800	- 7 791	
38030	VA Solhauglie 3	-	1 000	1 000	- 1 000	Blir neppe i år.
38050	VA Bergojordet	9	4 000	4 000	- 3 991	Forsinka
38060	VA Bygdinvegen-Skogaplassen-Mørstad	4	-	-	4	Blir neppe i år.
38080	VA Nedrefoss-Rolandsgarden	10	-	-	10	
38400	VA Mindre VA- anlegg årleg	426	5 000	5 000	- 4 574	Ok
38403	VA Sagastogo	21	-	-	21	
38501	VA Finntøpplie	3 011	8 720	6 550	- 5 709	Iht. plan.
38510	VA Luskeråsen hytteområde	2	1 000	1 000	- 998	Blir neppe i år.
38520	VA Javnlie hytteområde	-	1 000	1 000	- 1 000	Blir neppe i år.
38530	VA Gravfjellet hytteområde	7	1 000	1 000	- 993	Blir neppe i år, kun prosjektering.
38701	VA Nordtorp Høgdebasseng	-	8 610	10 000	- 8 610	Ok
38810	VA Oppgradering Ole vassverk	14	12 000	12 000	- 11 986	Blir ikkje i år. Tilrår budsjettendr. -1.700' (til andre prosj.)
38820	VA Mellsenn vassverk (Kollstad)	222	667	1 000	- 445	Her kan vi få mer utgifter. Tilrår budsjettendring + 1.000'.
38901	VA Nye Nedrefoss Ra forprosj. inkl. utarb reg	475	3 137	3 000	- 2 662	Ok
	VA transportmiddel	-	-	-	-	Behøver bil i år. Tilrår budsj.e ndr. +500' (framskunde)
Aksjer, andeler		-	1 015	715	- 1 015	
31002	Aksjer og andelar	-	1 015	715	- 1 015	Kjem på hausten
Finansiering mv.		- 1 496	- 126 417	- 122 806	124 921	Blir finansiert/avslutta per 31.12.
SUM	TOTALT	14 072	-	-	14 072	

1. tertial rapport 2023 – Øystre Slidre kommune

Per april er det regnskapsført ein liten brøkdel av det som er budsjettert for året. Tala i tabellen viser opprinneleg budsjett og regulert budsjett inkl. rebudsjettering etter årsregnskapet 2022, som er føresett vedteken i kommunestyremøtet i juni.

Så langt ser det ut til at dei fleste budsjetterte prosjekta skal gå etter planen, om ikkje anna er kommentert nedanfor.

Det er enkelte prosjekt som er budsjettert for i 2023, men som vi no ser at neppe blir gjennomført i særleg grad i år. Det gjeld VA Solhauglie 3, VA Bygdinvegen-Skogaplassen-Mørstad, og VA hytteområda Luskeråsen, Javnlie og Gravfjellet, og VA oppgradering Ole vassverk.

Det er enkelte prosjekt vi ser at bør få omprioritert budsjettmiddel for å sikre gjennomføring innanfor budsjett i 2023:

- I økonomiplanen vart det avsett for kjøp av bil til vatn- og avløpssektoren i 2024. Tenesta har behov for denne bilen allereie no. Kommunedirektøren foreslår å omprioritere budsjettmiddel i 2023 kr 500.000 til VA transportmiddel frå prosjektet VA oppgradering vassverk - Ole Vassverk.
- For å fullføre prosjektet VA-utbygging i bygda - Storefoss-Nedrefoss, kjem det på utgifter. Det er ikkje budsjettert for dette i 2023. Kommunedirektøren foreslår å omprioritere budsjettmiddel i 2023 kr 200.000 til VA Storefoss–Nedrefoss frå prosjektet VA oppgradering Ole Vassverk.
- For VA Mellsenn vassverk vil det truleg koma på meir utgifter i år enn budsjettert. Prosjektet fortset med budsjetttramme i 2024. Kommunedirektøren foreslår å omprioritere budsjettmiddel i 2023 med kr 1.000.000 til VA Mellsenn vassverk frå prosjektet VA oppgradering Ole Vassverk.

Omprioriteringane vil bli teke omsyn til i økonomiplanen for 2024.

Kommunedirektøren foreslår følgjande budsjettendringar 2023 for investeringar:

Investeringar	Budsjettendring 2023	
VA -transportmiddel	kr	500 000
VA-utbygging i bygda - Storefoss-Nedrefoss	kr	200 000
Oppgradering vassverk - Mellsenn vassverk (Kollstad)	kr	1 000 000
Oppgradering vassverk - Ole vassverk	-kr	1 700 000
SUM		-

Økonomirapportering drift

Totaloversikt økonomi

Beløp i 1000

	Budsjett hiå.	Regnskap hiå.	Avvik hiå.	Budsjett 2023	Årsprognose	Prognose årsavvik	
Sum generelle driftsinntekter	-86 732	-87 418	686	-267 437	-269 937	2 500	✓
Avskrivninger	0	0	0	27 400	27 400	0	✓
Motpost avskrivninger	0	0	0	-27 400	-27 400	0	✓
Netto finansutgifter	10 912	11 933	-1 021	32 749	31 749	1 000	✓
Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat	0	0	0	-29 323	-29 323	0	✓
Til disposisjon	-75 820	-75 485	-335	-264 011	-267 511	3 500	✓
Politisk leing og kontrollorgan	978	825	152	3 041	3 041	0	✓
Kommunedirektør felles	2 251	1 984	267	5 998	7 558	-1 560	!
Stab	6 684	7 616	-932	17 942	17 942	0	✓
Felles opplæring og kultur	2 685	1 994	692	7 520	7 520	0	✓
ØSUS	4 700	4 711	-11	12 787	12 787	0	✓
Rogne skule	6 029	6 292	-262	16 592	17 046	-454	!
Lidar skule	5 267	5 985	-718	14 306	14 499	-193	!
Rogne barnehage	4 656	4 769	-114	12 903	12 903	0	✓
Beito barnehage	2 430	2 540	-110	6 657	6 850	-193	!
Private barnehager	1 995	2 274	-278	5 988	5 988	0	✓
Kulturavdelinga	3 347	3 666	-319	9 690	9 690	0	✓
Flyktningetenesta	-3 644	-6 966	3 322	-6 000	-6 000	0	✓
Felles helse og omsorg	8 428	5 645	2 783	25 031	25 031	0	✓
Helse og tilrettelagde tenester	11 613	11 926	-313	33 196	33 196	0	✓
Førebygging og meistring	12 196	12 020	176	35 519	35 519	0	✓
Institusjonstenester	11 195	11 434	-239	32 646	32 646	0	✓
Felles tekniske tenester	188	11	177	84	84	0	✓
Teknisk drift	9 858	21 407	-11 550	41 003	41 003	0	✓
Næring plan og byggesak	4 177	5 281	-1 103	12 289	12 289	0	✓
Kraftforvaltning	-2 816	-3 244	428	-8 450	-8 450	0	✓
Pensjon mv. felles	-233	-606	374	-14 731	-13 631	-1 100	!
Sum disponering	91 985	99 564	-7 579	264 011	267 511	-3 500	✓
Merforbruk +/mindreforbruk -	16 165	24 079	-7 914	0	0	0	✓

Økonomien til kommunen er på dei fleste områda i tråd med budsjettet for året.

Regnskapet per april viser samla eit meirforbruk på nær 8 mill.kr. Regnskapet er ikkje periodisert, så dette er ikkje eit representativt bilde av korleis året vil gå - dei fleste avvika er periodiseringsforskjellar mellom budsjett og rekneskap, m.a. er det budsjettert med ein rekke bruk og avsetning til fond som ikkje blir ført før ved årets slutt.

1. tertial rapport 2023 – Øystre Slidre kommune

Vi ser enkelte område som gjev økonomiske utfordringar, og nokon auka inntekter og moglege innsparingar. Enkelte større kjente avvik er vist som avvik i prognose i forhold til vedteken budsjetttramme. Erfaringsmessig kan det også kunne bli nokon innsparingar og meirinntekter som ein ikkje ser før året er omme. Spesielt er det vanskeleg å ha tilstrekkeleg oversikt over bruk av fond gjennom året. Vi har foreløpig tru på at årsresultatet kan ende omtrent på budsjett, med unntak av områda der kommunedirektøren forslår budsjettendringar.

Sum generelle driftsinntekter:

Rammetilskotet er auka i revidert nasjonalbudsjett (RNB) 2023, for å kompensere for utgiftsvekst som følgje av høgare lønns- og prisvekst, og for demografisk utvikling i lys av ein usikker internasjonal situasjon. For Øystre Slidre kommune er siste prognose ei netto auke i rammetilskot og skatteinntekter på 2,5 mill. for 2023.

Utbytte frå Innlandet Energi Holding er varsla at blir ekstra høgt for 1.kvartal 2023, som følgje av godt årsresultat 2022 i Eidsiva Energi. Beløpet er ikkje endeleg vedteke, men kan bli opp mot 1 mill.kr.

Felles – flyktningeregnskap

I økonomiplanen vart det lagt til grunn eit forsiktig estimat når det gjeld busetting av flykningar i 2023, 12 ordinære og 20 frå Ukraina. Etter det har kommunestyret gjort vedtak om busetting av 60 flykningar i 2023, noko som både vil gje høgare utgifter og høgare inntekter enn budsjettet.

Per 1. tertial er det ca. 2,5 mill. i meirkostnader. I hovudsak ligg dette under flyktingetenesta, teknisk drift, tildelings- og bustadkontoret. Meirutgiftene er knytt til:

- Introduksjonsstønad. Det er ein stor del vaksne blant dei busette i 2023.
- Lønn. Det er auka bemanning for å dekke tilbodet i vaksenopplæringa (60% stilling) og eit meir systematisk kartleggingsarbeid innanfor helse ved ankomst.
- Istandsetjing av bustader og Klima+-bygget (vaksenopplæringa) , herunder lønnskostnad vaktmestertenesta, vedlikehald, inventar og utstyr. Leigeobjekta skal vera i akseptabel stand, og møblert med naudsynt utstyr ved innflytting. Forbruk er forventet å halde fram utover 2023 for å kunne nå kommunestyret sitt vedtak. For å gjera det totale forbruket så lågt som mogleg, er det sett i verk tiltak i form av rutiner for innkjøp og samarbeid med frivillig-sentralen for å sørge for så stor grad av gjenbruk som mogleg ved istandgjerung av leilegheiter.
- Nettokostnad inn-/utleige bustader, inkl. straum og breiband. Kommunen har måtte leige bustader på den private leigemarknaden for framleige. Innleigekostnadene har vore høgare enn utleigeinntektene, då vi må ha bustader tilgjengeleg for busetting før vi får gjennomført busettinga. Vi har betra rutinar og praksis for å ha kortare tid mellom leige av bustader og busetting/framleige. Vi ser ei tydeleg auke i leigeprisar/marknadsleige fyrste del av 2023 som følgje av auka etterspørsel etter utleigebustader. Dette medfører at kommunen sine utleigeobjekt blir rimelege i forhold til nye leigebustader og gjengs leige. Vi vil ta ein ny gjennomgang av husleigeprisar i samband med økonomiplan-arbeidet for 2024.
- Skyss. Det er behov for meir drosjekøyring med fleire flykningar, og vi buset no noko meir i områda utanfor fylkesvegen.
- Tolketenester, undervisnings- og forbruksmateriell.

1. tertial rapport 2023 – Øystre Slidre kommune

Det vil koma på meir utgifter utover året. Det ligg også noko ekstraavgifter under legetenesta og andre tenester.

Utgiftene vil bli dekkja av integreringstilskott, norsktilskott mv. frå staten. Kommunen har meirinntekter per 1. tertial, ca. 4,7 mill., og det er venta meir inntekter utover i året. Vi legg til grunn at høgare tilskott frå staten samla for 2023 vil finansiere meirutgiftene kommunen har for busetjing/integrering i året.

Kommunedirektøren – felles:

Området under kommunedirektøren ser ut til å vera i tråd med budsjett, med unntak av følgande:

Mindreforbruk AFP-62-64 kostnad for kommunen er 0,3 mill. lågare enn budsjettert per april. Det er ikkje kjent kva som bli uttak av AFP 62-64 resten av året.

Høgare lønns- og prisvekst: Prognosen for lønns- og prisstigning i kommunesektoren i 2023 er auka frå 3,7 % til 5,2 % i RNB. M.a. er lønnsveksten venta å bli om lag 5,5% (mot 4,4% i statsbudsjettet/økonomiplanen). Lønssoppgjret for kommunal sektor er landa på 5,4%. Det står framleis att forhandlingar for enkelte grupper. Grovt estimat gir dette eit meirforbruk på 2 mill. for kommunen samla. I tillegg har KLP varsla auke i pensjonskostnadene med vel 1,1 mill.kr. Sjølvkostområda har ein del av dette, og auken her vil bli regulert mot bruk/avsetning mot bundne fond og påverkar ikkje botnlinja til kommunen. Vi aukar prognosen grovt estimert med 1,56 mill. etter fråtrekt innsparing AFP (ovanfor).

Enkelte område har mindreforbruk på lønn per april grunna vakansar eller sjukefråvær, andre område ser ut til å gje eit visst meirforbruk. Vi ventar med å gjera ev. budsjettendring til 2. tertial, når endelege lønssoppgjret ligg føre, og vi har eit betre grunnlag for å vurdere behovet for budsjettendringar.

Den kommunale prisveksten er 4,9% i RNB (mot 3,7% i økonomiplan). Utgiftene til kommunen er på det grunnlaget estimert å auke med om lag 2,9 mill.kr. I estimatet har vi teke med varer og tenester, og netto renteutgifter, då også rentesatsen er heva og forventa heva fleire gonger i 2023. Vi har ikkje lagt inn budsjettendring for dette no, men lagt til grunn at tenestene greier seg innanfor budsjett, der det ikkje er kommentert noko anna. Behovet blir nærare vurdert ved 2. tertial.

Opplæring og kultur:

Opplæring og kultur ser ut til å gå om lag i tråd med budsjett, der det ikkje er kommentert anna nedanfor.

Rogne skule - meirforbruk lønn. Årsakane er meir fråvær og vikarbruk enn forutsatt.

Det er behov for auka bemanning og innleige av særskild kompetanse innanfor barnehage og skule frå hausten 2023:

Beito barnehage har endra behov innanfor spesial-pedagogiske tiltak for barnehageåret 23/24. Dette inneber eit behov for å auke bemanning med 100% fast barne- og ungdomsarbeidar, ein ekstra kostnad på 193`i 2023. Dette vil ikkje vera løysbart innanfor budsjett.

1. tertial rapport 2023 – Øystre Slidre kommune

Lidar skule har behov for ein ekstra barne og ungdomsarbeider for å dekke oppfølging av helsesituasjonen til elevar. Dette er ikkje innanfor spesialpedagogisk hjelp, og ikkje ein del av enkeltvedtak. Forventa kostnad på 193` i 2023. Det er sjukehuset innlandet som rådfører skulen om behov for oppfølging hjå elevar med helseutfordringar som krev ekstra oppfølging.

Rogne skule vil ha behov for ei styrking av fagpersonell med erfaring på oppfølging av barn og ungdom med særskilde behov. Innleigd konsulenthjelp går inn direkte i elevoppfølging og blir ein del av personalet. Tiltaket vil ikkje auke bemanninga, men ha meir spissa kompetanse i arbeidet. Tiltaket vil ha ei meirutgift på omlag 1.000` for skuleåret 23/24. Det vil da for 2023 vera 454`.

Tiltaka kan finansierast med auka rammetilskot, kr 840.000.

Kommunedirektøren tilrår difor følgande budsjettendringar for 2023:

Tiltak	Budsjettendring 2023
Beito barnehage, barne- og ungdomsarbeidar	Kr 193 000
Lidar skule, barne og ungdomsarbeidar	Kr 193 000
Rogne skule, konsulentinnleige	Kr 454 000
Finansiering ved auka rammetilskot	Kr 840.000

Helse og omsorg:

Legetenesta meirforbruk: Legetenesta viser mindreforbruk fastlønn for fjerde legestilling og LIS-lege, men høgare meirforbruk for innleige av lege. Vi manglar refusjonar og eigenbetaling sidan vi ikkje har LIS-lege i perioden mars-sep-23. Netto meirforbruket er rekna å bli dekkja inn av tilskot som legetenesta ventar å få, auka basistilskot i rammetilskotet og integreringstilskott for flyktningar.

Arbeid og aktivitet – meirforbruk lønn og kjøp av tenester frå andre kommuner: Det har vore ca. 160` i meirforbruk lønn ved Brennebakkin 1.tertial. Det skuldast at det ikkje vart teke tilstrekkeleg høgde for tillegg for ubekvem arbeidstid i budsjettet for 2023. Bemanninga og tillegga er nødvendig for ei tilstrekkeleg teneste for brukarane. Meirforbruket vil etter all sannsynlegheit fortsetja å auke gjennom året. I tillegg ser vi av avrekning for 2022 frå Vang kommune, som vi kjøper tenester frå, at kostnaden har auka, og at budsjettposten vår for 2023 ikkje står i forhold. Vi må rekne med minst 300` høgare kostnader for året. Behovet for budsjettjustering vil bli vurdert saman med øvrig lønnsområde mv. ved 2. tertial.

Førebygging og meistring - mindreforbruk lønn: Tenesta har hatt meirforbruk på overtid og vikarbruk, men mindreforbruk på fastløn som følgje av vakanse, sidan det ikkje har vore tilgang på nok arbeidskraft i denne perioden. Netto mindreforbruk ca. 600` per 1. tertial.

Venta meirforbruk lønn sommar: Det er behov for sommarbonus innan pleie og omsorg. Slik bonus vart forsøkt i 2022, og er vurdert tenleg og nødvendig av tenesta også i 2023 for å sikre forsvarleg bemanning gjennom sommaren. Det er ikkje teke høgde for dette i budsjettet for 2023.

Tekniske tenester:

Samla sett ventar vi at området skal gå innan budsjett. Det er enkelte meir- og mindre-forbruk der dei viktigaste blir kommentert nedanfor.

Teknisk drift - mindreforbruk straum kommunale bygg: Vi la i budsjettet til grunn gjennomsnittleg spotpris på 1,80 kr, medan snittet per april har vore 1,16 kr. Det er usikkert korleis straumprisane utviklar seg resten av året.

Næring plan og byggesak - mindreinntekter gebyr byggesak oppmåling mv.: Det er fakturert mindre gebyr inntekter for byggesak og oppmåling enn budsjettet per april. Det skuldast i stor grad at det er færre saker i år, og slik det ser ut no vil det truleg bli lågare inntekter for begge områda i 2023. For desse sjølvkostområda blir eit ev. negativt budsjettavvik tære ekstra på sjølvkostfonda. Botnlinja til kommunen blir ikkje påverka.

Endre gebyr vedteke for mottak av slam til reinseanlegg: I samband med kommunen si økonomiplan og gebyrregulativ for 2023 vedtok Øystre Slidre kommune ein betalingssats på kr 450 (inkl.mva) for mottak av slam til reinseanlegg. Denne satsen gjeld VKR (Valdres kommunale renovasjon), og bør vera lik i heile Valdres. På bakgrunn av mangelfullt skriftleg vedtak i det interkommunale foraet vedtok vi diverre ein betalingssats som ikkje er i tråd med VKR og dei andre Valdres-kommunane sine vedtak. Kommunedirektøren foreslår no at Øystre Slidre vedtek endra betalingssats for mottak av slam til reinseanlegg per m³ (inkl. mva) for 2023 frå kr 450,- til kr 400.

Finans-, gjelds- og kraftforvaltning

Nedanfor følger rapportering for finans-, gjelds- og kraftforvaltning, i tråd med forskrift om finans- og gjeldsforvaltning § 8.

Finansplasseringar:

Per 1.tertial 2023 har kommunen plassert midlar i:

Bankinnskot 164 mill. kr er plassert i Sparebank 1 Hallingdal og Valdres. Det er ikkje tidsbinding på bankinnskota. Hovudbankavtala er inngått for 6 år sidan, og vurderinga er at den har gjeve grei avkastning, ut frå at likviditeten er plassert med svært låg risiko. Vi har rentemargin på 0,25 %-poeng. Føremålet med plassering er låg finansiell risiko og høg likviditet, jf. finans- og gjeldsreglementet pkt. 2.

Langsiktige strategiske plasseringar. Kommunen har langsiktige aksjar og eigardelar med bokført verdi kr 52,7 mill., der målsetjinga med plasseringa primært har vore strategisk eigarskap, og ikkje finansiell vinning. Dei langsiktige plasseringane er gjort etter politiske vedtak. Det er ikkje gjort endringar i langsiktige plasseringar i 2023. Vi syner til spesifikasjon i note til årsregnskapet 2022. Kommunen har og langsiktige utlån til Valdres Energiverk AS på 20 mill. Det blir betalt renter av lånet i tråd med avtale (K-sak 33/22). Frå 1.4.2023 er rentesatsen fastsett til 6,52%.

Det blir betalt utbytte frå Valdres Energi, og frå Innlandet Energi Holding AS. Frå Valdres Energi har utbytte vore 1,3 - 1,5 mill.kr per år (6-7,5% av lånet). Frå Innlandet Energi Holding har vi fått 1,4-1,5 mill.kr årleg (5-6% av bokført /betalt verdi av aksjane). Det er varsla ekstraordinært høgt utbytte i 2023 som følgje av godt resultat i 2022.

Vurdering i forhold til kommunen sitt finansreglement:

- **Likviditet.** Delmål: Kommunen skal til ei kvar tid ha likviditet til å dekke løpande plikter.

Arbeidskapitalen er 106 mill.kr per 1.tertial 2023. Kommunen har 50 mill. i ubrukte lånemiddel per 1.1.2023 som står på bankkonto. Midla skal nyttast til investeringar som var budsjetterte i 2022 og som blir gjennomført i 2023. Likviditet til drift (likvide midlar minus ubrukte lånemiddel til investering) er ca. 30 mill. Vi vurderer at likviditeten er tilfredsstillande. Vi har likviditet til å betale løpande plikter ved forfall, og kunne tole uføresette likviditetsmessige utfordringar av noko omfang.

- **Finansiell risiko.** Delmål: Ved forvaltning av likvide middel og middel for driftsføremål skal det leggast vekt på låg finansiell risiko og høg likviditet.

Vi har svært låg risiko på plassering av likviditeten, ved at tilnærma alt står på bankinnskot.

- **Avkastning på overskotslikviditet.** Delmål: Plassert overskotslikviditet skal over tid gje ei god og konkurransedyktig avkastning innanfor definerte krav til likviditet og risiko.

Kommunen har konkurranseutsett bankavtale og nye lån, og vurderer å ha konkurransedyktige vilkår. Vi har så langt vald å halde dette uendra, av omsyn til likviditet, fleksibilitet og arbeidskapasitet.

1. tertial rapport 2023 – Øystre Slidre kommune

Rentene har vore forholdsvis låge men stigande siste år. Vi søker å optimalisere netto renteutgift ved å utsetja låneopptak. Kommunen vurderer at det ikkje har vore vesentleg ledig driftslikviditet til langsiktig plassering. Gjeldande finiansreglement set store avgrensingar når det gjeld plasseringsmoglegheiter.

Avkastning langsiktige aktiva. *Delmål: Forvaltning av langsiktige finansielle aktiva skal gje ein god og langsiktig avkastning til akseptabel risiko.*

Kommunen har langsiktig strategisk utlån, der renta er langsiktig og vesentleg høgare enn marknadsrenta. Kommunen har og strategiske eigarpostar i bl.a. Valdres Energi og i Innlandet Energi Holding. Vi vurderer å ha god avkastning på plasseringane. Vi kan ikkje sjå vesentleg risiko med kommunen si langsiktige finansielle aktiva.

Lånegjeld:

Kommunen har ved utgangen av 1.tertial 2023 ei lånegjeld på kr 453 mill. (462 mill. per 1.1.). Det er ikkje teke opp nye lån så langt i 2023. Vi viser til note i årsregnskapet for 2022 og årsrapporten. Låna består av ordinære gjeldsbrevlån i Kommunalbanken, KLP Kommunekreditt, KLP Banken og Husbanken. Alle låna har flytande rente. Kommunen har ikkje sertifikatlån eller lån som forfell eller må refinansierast dei neste 12 månader.

Total netto lånegjeld ligg godt over kommunen sin handlingsregel (89,2% mot 75% av brutto driftsinntekter per 2022), men kommunen er litt under handlingsregelen når det gjeld lånegjelda for generaløkonomien (utanom sjølvkostområda) (45,7% mot mål på 50%).

Det har vore låge, men raskt aukande renter siste året. Kommunen er eksponert for renteauke, noko som kan gje større utfordringar med å balansere drifta.

Vurdering i forhold til kommunen sitt gjeldsforvaltningsreglement:

- **Lågast mogleg totalkostnad for lån.** *Delmål: Lånte middel skal over tid gje lågast mogleg totalkostnad innanfor definerte krav til refinansieringsrisiko og renterisiko.*

Det er ikkje gjort nye låneopptak i året. Kommunen har ved tidlegare låneopptak spurt to leverandørar. Vi vurderer å ha konkurransedyktig rente på låna.

Vi har flytande rente på låna, anten knytt til 3 mnd nibor, eller p.t. rente. Vurderinga vår er at det over tid gjev den lågaste renta, men vi blir meir eksponert for renteauke. Vurderinga har vore og er at vi har ei finansiell stilling med akseptabel risiko, og at det ikkje har vore tenleg å betale den "forsikringspremien" som ligg i å binde renta.

- **Finansiell risiko.** *Delmål: Ved forvaltning av likvide middel og middel for driftsføremål skal det leggast vekt på låg finansiell risiko og høg likviditet.*

Vi vurderer at det har vore låg finansiell risiko knytt til gjeldsplasseringa.

Kommunedirektøren vurderer at det ikkje er avvik mellom krav i finans- og gjeldsforvaltningsreglementet og den faktiske forvaltninga.

Kraftforvaltninga

Kommunen sine kraftrettar

Kommunen sine kraftrettar på omlag 54,5 GWh blir seld på kraftbørsen. Krafta har følgjande samansetting: konsesjonskraft 22 GWh, andelskraft 28 GWh og eigenproduksjon i Skoltefoss 2-3 GWh. Vi nyttar ekstern kraftforvaltar.

Kommunestyret vedtok følgjande reglement for kraftforvaltning (KS-34/22) gjeldande frå 1.1.2023:

- *Kommunen har konsesjonskraft- og andelskraftrettar og eigenprodusert kraft.*
- *Andelskrafta skal seljast i spotmarknaden utan prissikring.*
- *Øvrige kraftrettar skal seljast i spotmarknaden utan prissikring. Ev. kan fastprisavtalar nyttast, om rådmannen og forvaltar ser det tenleg.*
- *Overskot frå kraftsal (etter skatt) skal avsetjast til eit eige kraftfond i kommuneregnskapet, fram til fondet utgjør 53 mill.kr.*
- *Kommunen skal årleg inntektsføre i driftsbudsjett og driftsregnskap kr 7 mill. frå kraftfondet, dersom kraftfondet har dekning for denne summen.*
- *Beløpa for årleg inntektsføring og målet for fondet skal indeksregulerast 1.7. kvart år med KPI for siste år per 30.6.*
- *Val av forvaltar bør ta omsyn til referansar når det gjeld kompetanse innan kraftforvaltning og tilhøyrande regelverk og transparens i oppgjer.*

Kommunen må også betale kostpris for krafta vi mottek og sel. Prisen for det meste av kraftmengden blir betalt ut frå sjølvkostberekning frå kraftprodusent. Sjølvkostsprisen varierer mykje frå kraftverk til kraftverk, og (grunnrenteskatt-elementet) avheng også i stor grad av spotpris/marknadsprisen i året. For ein mindre del av konsesjonskrafta blir prisen fastsett sentralt.

Vurdering i forhold til kommunen sitt kraftforvaltningsreglement:

Kraft blir no seld i spotmarknaden, jf. kraftforvaltningsreglementet.

Då kraftforvaltningsreglementet var oppe juni 2022, var allereie mesteparten av mengda for 2023 prissikra (47,3 gWh). I vedtaket står det at tilpasning til nytt reglement skulle skje gradvis frå vedtakspunktet (juni-22) - prissikringsavtaler som er gjort før nytt reglement trer i kraft skal vidareførast så lenge kraftforvaltar og administrasjonen meiner det er den økonomisk beste løysinga for kommunen. I etterkant har kraftforvaltar funne gunstige tidspunkt for å løyse opp i noko av prissikringa. Per april-23 er om lag 38,5 gWh prissikra. Det gjer at vi kan følgje spotmarknaden i noko større grad, noko vi vurderer som gunstig, jf. K-sak 35/22 og årsmeldinga for 2022.

Gjennomsnittleg spotpris for 1.tertial er 1,16 kr/kWh. Det er noko lågare enn i fjor (1,56 kr) og budsjettet (1,80 kr), men framleis vesentleg høgare enn historiske snitt.

Kraftforvaltning er budsjettert inn i drifta med netto 7 mill.kr. Det er dette beløpet som blir netto inntektsført i drifta i 2023, dersom det er dekning på kraftforvaltningsfondet og i kraftforvaltningsresultat, jf. kraftforvaltningsreglementet.

1. tertial rapport 2023 – Øystre Slidre kommune

Kraftforvaltninga vil truleg gje betre nettoresultat. Vi veit no at kommunen slepp å bli trekt i rammetilskot for høgprisbidrag på konsesjonskraft slik det vart varsla hausten 2022. Truleg blir det også mindre for kommunen å betale i 2023 for avrekning kostpris for andelskraft levert 2022, enn det som vart estimert og avsatt for i årsregnskapet for 2022. Det vil truleg vera dekning for å inntektsføre dei 7 mill. kr som er budsjettert. Eit overskot vil bli å avsetja til kraftfond.

Så lenge honoraret er konkurransedyktig, er det vurdert tenleg for kommunen å fortsetja avtale med Ishavskraft når vi har ein mengde fastprisavtalar gjennom dei. Vi har erfart at forvaltar har tilfredsstillande referanser og transparens i oppgjer.

Kommunedirektøren meiner det ikkje er avvik mellom krav i kraftforvaltningsreglementet og den faktiske forvaltninga.

Organisasjon

Sjukefråvær

Kommunen hadde første tertial eit sjukefråver på 11,6 %. Dette er om lag same nivå som det har vore dei i 2022.

